



Det nye styre og rekneskapsførar Alf Hjørnevåg men med unnatak av Finn Guddal. Kristian Bringedal. Jan Erik Olsson, Berit Harriet Døssland og Hans Ordin Østebø er dei 4 andre

Kristian Bringedal vart i kveld samrøystes attvald som leiar i Uskedalen Utvikling medan nestleiar Jan Erik Olsson ikkje var på val. Berit Harriet Døssland held også fram i styret medan Finn Guddal og Hans Ordin Østebø vart nye medlemmer. Andreas Tarberg, Ragnvald Myklebust og Henrik Lyse er varamedlemmer.

Saka som fanga størst merksemd var eit etterspel etter uttalen i skulestruktursaka som styret trekte attende. Årsmøtet meinte at større og politiske saker bør opp på medlemsmøte før UU uttalar seg.

Det var Gunn Mari Moberg og Klara Bakke som tok opp denne saka og stilte desse spørsmåla: Har styret uttalerett på vegne av medlemmene? Vil styret drøfta saker med medlemmer før dei uttalar seg i opne høyringar?

Leiar Bringedal var viljug til å ta inn i vedtektene ei presisering om eventuelt medlemsmøte men det var det ikkje oppslutnad om. I vedtektene heiter det difor framleis berre at UU er høyringspart i viktige saker som gjeld Uskedalen.

Fleire av møtedeltakarane hadde registrert sterke reaksjoner frå Herøysund på den omstridte fråsegna om sameining av skulane. Ein av dei var Kåre Guddal, som meinte at UU ikkje bør uttale seg om politiske saker og ein annan Hans Reidar Kjærland som åtvare mot oppslutnad om særinteresser som kan skapa strid. Magne Huglen var samd, men presiserte at laget må få lov til

å uttale seg frå tid til annan, til dømes om sentrumsplanen.
-Litt ueinighet må vi tåla, meinte han.

Tor Inge Døssland hadde også reagert sterkt på fråsegna og var noko forundra over at styret ikkje forsto det uheldige i innhaldet. Også Gunn Mari Moberg heldt fram at UU må få lov til å meine noko frå tid til annan men det er viktig å drøfte sakene i medlemsmøte på førehand.

Bringedal hadde dette hjartesukket:

- Dei fleste av oss har vel opplevd at vi har sagt eller skreve noko i beste meining, men at det likevel har vorte heilt feil.

Ei sak som også handla om vedtektene galdt det faktum at UU aldri vart lutlag slik planen var ved stiftinga i 1989 men at det vart eit vanleg medlemslag. Lutene skal difor betalast attende og pengane skal gå til Gamleskulen men ikkje til vanleg drift. Men pengane skal stå urørt i eitt år først.

Siste bolken av årsmøtet galdt kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet der Uskedalen ikkje er representert med prosjekt fordi bygda ikkje har inne søknadar om spelemidlar. No skal imidlertid planen supplerast også med prosjekt frå vår bygd.

Frå leiinga for Aktivitetshuset kom det positive signal som gjekk ut på at hallen no er 'nokonlunde sjølvgåande'. Belegget er bra på alle dagar med unnatak av fredagane. og det ligg an til eit svakt overskot.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Det var godt fram møte på årsmøtet